

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.12.2017

Kl. 9:05: Seksjonsleiar Nils Egil Vetlesand orienterte om forslag til budsjett 2018.

Brannøvinga blei utsatt.

Inge Fiskvik (FFO) kom med fylgjande opplysning: Det er sett fram forslag til budsjett for 2018 for Helse-Bergen. Det går fram at det er sett fram forslag om å leggje ned eit av terapi-bassenga ved Haukeland Universitetssjukehus. RMNF var einiga om at dette var ein sak for Brukarutvalet for Helse-Bergen.

Fiskvik sette fram fylgjande uttale:

«RMNF er blitt gjort kjend med forslaget til budsjett for 2018 for Helse-Bergen, der det går fram at Terapibassenget ved Haukeland Unviversitetssykehus står i fare for å bli lagt ned. Dette vil få alvorlege ringverknader for store grupper av menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland. RMNF vil be om at brukargruppene som er avhengig av dette tilbodet, både som faste brukarar og leietakarar, vil få oppretthaldt sitt tilbod.»